

Nr 1-2024, årgang 60

KYRKJELYDSBLAD

FOR NISSEDAL SOKN

Med meldingsblad for Nissedal kommune



Treungen kyrkje



Nissedal kyrkje



Felle kapell

Påska 2024



Teikna av Dyre Moe Heimdal.

«SØ BLÆDDE DEI SALMUR»

Som kjent dreg mange unge frå kommunen vår ut på skular. Ein av dei er Mathias Haugsjå som er elev på Drottningborg vidaregåande skule. Ein dag midtvegs i februar med lavande snøbyger både her heime og ute ved kysten, slår me av ein prat.



– **De har vel fått rikeleg med snø ute ved kysten i år?**

– Ja, særleg der vinden får tak, blir det samla opp store snømengder, sikkert meir enn på mange år.

– **Du er elev på Drottningborg i tredje skuleåret, og du trivst stadig like godt?**

– Ja, her har eg lika meg godt frå fyrste tida eg kom hit. Skulen, som har 200 elevar, ligg fint og landleg til. Eg synest me har eit godt miljø, flinke lærarar og allsidige opplegg og aktivitetar. Av fag likar eg nok best fysikk og historie. Eg går i ei klasse med 30 elevar i eit opplegg med studiekompetanse. Eg kan au nemne at me i alt er 13 elevar frå Nissedal kommune.

– **Og på ein internatskule har de naturleg nok ikkje så lite saman på fritida med måltid og aktivitetar?**

– Nei, det er sant. Me har mykje som me held på med saman. Me møtest til fire måltid i vekedagane, og det er rikeleg med mat elles når me er her i helge- og fridagar. Om ettermiddagane har me ikkje obligatorisk leksearbeid, men me kan arbeide med fag der me synest det trengst. Om kveldane er det nokså mange som driv med volleyball og innefotball. I helgene har skulen òg ein fritidsleiar som set i gang kanonball, brettspel, kortspel og andre aktivitetar. Elles har me fine turløyper opp til åsar og små toppar med fint utsyn mot havet. Om sundagane har me samling med andakt med vekt på fin lovsong. I skuledagane har lærarane eit opplegg med Ord for dagen.

– **Så har du funne fram ein song?**

– Ja, som nemnt har me mange fine lovsongar. Her har eg stansa opp ved songen *Jeg overgir meg*, ein song som både eg og mange andre set pris på.

TV

1. Jeg er invitert til din herlighet.
Vis meg mer og mer
Det er alt jeg ber.
Jeg står foran Deg.
Dra meg nær til Deg.

2. Hellig Ånd kom ned.
Fyll meg med din fred.
Møt meg en gang til.
Det er alt jeg vil.

3. Jeg bøyer kne
innfor ditt sted.
Gjør meg ny i Deg.
Gjør meg ny i Deg
Refreng:

Refreng:
Jeg overgir meg helt til Deg.
Ta mitt alt, ja, hele meg.
Hele livet vil jeg følge Deg.
Alt jeg gjør; er for åære Deg.

Refreng:

ANDAKT



Det var dagen derpå. Peter og læresveinane hadde det vondt. Leiaren, inspiratoren, den impulsive og tapre Peter, han som så frimodig hadde erklært at han ville gå i døden med bestevenen sin Jesus, sat no med hovudet i hendene. Dagen før hadde han til og med i sin iver gripe til sverdet sitt då dei arresterte Jesus. Men så hadde motet svikta. Tre gonger hadde Peter nekta for at han kjende Jesus. Og no var Jesus død. No var det for seint for Peter. Han og dei andre sat heime og gret.

Men då sabbaten var over, går Maria Magdalena og Maria, mor til Jakob, til grava likevel. Der blir dei overraska, for grava er open og Jesus er ikkje der.

I staden møter dei ein engel som seier at Jesus har stått opp. Engelen gjev dei eit oppdrag og ei helsing: *Gå av stad og sei til læresveinane hans og til Peter: 'Han går føre dykk til Galilea. Der skal de få sjå han, slik han har sagt dykk.'* (Mark 16,7).

Peter, svikaren, får ei særskild helsing frå Jesus. Jesus lever og har ikkje gjeve han opp. Og når han og læresveinane kjem til Galileasjøen, møter Jesus han på stranda (Joh 21). Peter får ei ny begynning. Han får oppreising, og finn att meiningsa og retninga i livet sitt med Jesus.

Jesus møter deg og meg på stranda òg. Heile tida mens vi er underveis i livet, vil han reise oss opp, gje oss ei ny begynning, og minne oss om meiningsa og retninga i liava våre. Kvifor? Ikkje gløym at du òg er eit Guds barn.

*Ragnar Kortner
Prest*



ME STAKK INNOM



Me stakk innom Olav og Inger Fjalestad – som minnest livet i Swaziland – og jublende påskefeiring.

Ein februar dag møter me Olav og Inger Fjalestad i den trivelege bustaden ved Nissedal omsorgssenter. Inger byd på kaffi og velsmakande bakst på duka bord, og snart er samtala godt i gang. Det er 20 år sidan me hadde ei lengre samtale med Olav Fjalestad i Kyrkjelydsbladet (nr.1/2004). Då fekk me mellom anna høyre om oppvekståra på Fjalestad der han blei fødd

14. juli 1933. Denne venda tek me eit steg frå barndomsåra fram til året 1949 då han som ung gut dreg frå Fjalestad til Oslo. For å bli misjonær? Nei, det var ikkje i tankane hans då. I fyrste omgang var planane å skaffe seg utdanning i svakstraum/telefoni, men etter at han blei med i Den frie evangeliske forsamling i Møllergata 38, der han fekk ansvar og oppgåver, arbeidde tankane vidare om han skulle prøve seg meir som forkynnar. Eit kurs på bibelskulen i Örebro i Sverige førte Olav eit steg vidare. Ja, her blei han òg kjend med Inger Ek frå Vadstena, ho som han noko seinare kom til å gifte seg med.

Rik teneste i Swaziland i det sørlege Afrika

Så gjer me eit nytt steg i tid fram til 1960 då Inger og Olav er komne i gang med tenesta på Edwaleni misjonsstasjon i Swaziland i det sørlege Afrika. Både Inger og Olav har minne på minne frå 25 år i Swaziland som me på langt nær får plass til i denne samanhengen. I desse åra blei dei òg foreldre til tre gutter. Noko av det dei gjerne vil understreke, er kor vennleg dei blei tekne imot, både av folk flest, av styresmaktene og endå til av kongen som dei òg fekk møte. Swaziland har grenser til Sør-Afrika på alle kantar, bortsett frå grensa i nordaust mot Mosambik. Landet fekk fullt sjølvstende i 1968, og fekk Eswatini som offisielt namn i 2018, men for Olav og Inger er det Swaziland dei reiser tilbake til i minne og tankar.

– *Skule og utdanning blei eit stort satsingsområde?*

– Ja, etter kvart dreiv vi 13 skular på barne- og ungdomssteget. I alt hadde vi 2300 elevar og 65 lærarar som eg hadde det administrative ansvaret for, fortel Olav, – i to av timane i

veka hadde vi kristendomsundervisning, men styresmaktene hadde heller ingenting imot at vi forkynte, t.d. at vi hadde morgenandakt. Vi opplevde at om lag 80 prosent av elevane i avgangsklassene valde å ville vere kristne. Her vil eg òg gjerne nemne det store og verdifulle barne- og kvinnearbeidet som Inger hadde ansvaret for.

Saman med skulearbeidet var dette det største vi fekk vere med på. Samtidig fekk skulen gode eksamensresultat. Mange av elevane våre har fått høge stillingar og har vore med på å prege utviklinga og livet i Swaziland.

Jublande påskefeiring

Det går mot påske, og frå denne høgtida har Inger og Olav rike og levande minne.

– I påska stelte vi til eit stort stemne på Edwaleni, og dette var det mange som ville ha med seg. Ein del av dei som ville vere med på stemnet, kom om torsdagskvelden i påskehøgtida. Mange hadde traska og gått lange vegar, ja, opptil ein og ein halv dag. Fleire av dei la i veg barføtte. Ja, dei bar på skoa for å spare dei til stemnet. Vel framme kunne dei få på seg sko og meir klede, minnest Olav. – Og nå var det naturlegvis godt å få seg mat, held Inger fram, – fyrste måltidet var maisgraut, men Olav hadde kjøpt inn ein stor okse, slik at alle skulle få eit solid måltid. Som alltid ved store samlingar måtte Olav omkring for å få lånt gryter, slik at alle kunne få servering om lag samtidig.

– Langfredag var den store stemnedagen, fortel Olav, – då var det taler og song heile dagen. Oftast var det ei lengre tale med utgangspunkt i påskeevangeliet. I samband med ei sterkt og åndsfylt tale kunne vi også oppleve at ein eldre evangelist stod fram med bodskap i tungemål medan ein annan heldt fram med tyding. Slik kunne vi oppleve at påskemøta blei prega både av alvor og glede, glede over Jesu frelsesverk, at han har stått opp frå grava, at han lever i dag, og vil vere både frelsar, bror og venn. – Och vi kommer aldri att glömma den vackra sången, kjem det smilande frå Inger som stundom slår over på klingande svensk.

Olav og Inger fortel vidare at mange av påskesongane som dei syng i Swaziland, er songar me brukar her heime, slik som «Guds rene lam uskyldig» og «Jeg vet at min gjenløser lever», naturleg nok omsette til svati. Fleire kunne nemnast, men før me rundar av, synest Olav og Inger det vil passe godt å ha med ein song frå Afrika som har fått norsk språkdrakt. Songen er å finne i fleire norske songbøker og som nr. 204 i Norsk Salmebok: *Han er oppstanden. Halleluja!* Denne songen runga med jubel og glede frå unge og eldre på påkestemnet i Edwaleni, staden der Olav og Inger fekk så mange dagar og arbeidsår, der dei fann omgangstonar og kom på bylgjelengde med folket i Swaziland/Eswatini. Med fyrste strofa og omkvedet i denne songen vil Olav og Inger gjerne sende ei helsing til alle i Nissedal kommune med varme ynske om velsigna påske.

*Han er oppstanden. Halleluja!
Lov ham og pris ham! Halleluja!
Jesus, vår Frelser, lenkene brot.
Han har beseiret mørke og død.*

*Omkvede:
Lov ham og pris ham, vår Frelser og venn,
han som gir synderen livet igjen!
Halleluja! Vi skyldfrie er.
Halleluja! Vår Jesus er her!*

TV

NYTT FRÅ KYRKJEKONTORET

Velkommen til bønevandring med eller utan nattverd!

Frå Ragnar, prest: Når eg inviterer til nattverden i kyrkja, pleier eg å bruke desse orda: «Jesus seier: Eg er vintreet, de er greinene. Derfor er nattverden for alle som vil ta den imot. Kom for alt er ferdig!»

Vi har ofte nattverd i kyrkja, og mange deltek i den. Alle er velkomne. Men det går heilt fint å vere i kyrkja utan å ta del i nattverden òg. Vi pleier å kombinere nattverdmåltidet med bønevandring. Då kan ein tenne lys i globen, skrive ei bøn, gå til døypefonten og teikne et kors i panna eller på handleddet med vatnet, eller berre sitte i ro i kyrkjebenken. I gudstenesta er dette ei tid for å gjera litt som ein føler for. Du får litt aleinetid med Gud, og for mange er det ei kjærkomen stund. Vi er alle undervegs i livet, og på ulike stader i vår reise i trua. Men i gudstenestefellesskapet kan alle vere med, akkurat slik som dei er.

Glimt frå trusopplæringa: Tårnagenthelg i februar



Til rekneskapen frå 2023

Så vart det nytta kr. 550.000 av fond. Hovudårsak her er:

- Planlegging og arbeid med pumpehuset i Nissedal. Nytt inntak, ny pumpe og tilrettelegging for eit vatningsanlegg som no berre er for Kyrkja. Ikkje lengre eit samarbeidsprosjekt i grenda.
- Planlegging og arbeid med vedlikehald av kyrkja i Nissedal.
 - Forprosjekt for måling av kyrkja.
 - Utskifting av vannbord, ein del var rotne, ned mot muren rundt heile kyrkja. Vannborda er no i impregnerte materialar og med kvitt beslag oppå. Det er lagt på dreneringsmasser inntil muren rundt heile kyrkja.
- Utgiftene til KLP vart 75 % meire enn budsjettert.
- Auka renteutgifter på lån.

Tilbygg til bårehuset i Nissedal

Det vart jobba godt med å finne ei løysing for HC do i bårehuset ved Nissedal i 2023. I tillegg vart det planlagt eit lite tilbygg bakover, 1.8 m, mot parkeringsplassen for å få ny tilgang til 2. etasje for kyrkjetenaren/gravplassarbeidaren og tilrettelegging for ei ny og litt større personalavdeling.

Jan Torfinn Solberg og Carl-Erik W. Larsen i samarbeid med stab tok til med denne jobben før påske. Arbeida er godt i gang. Mykje rivingsarbeid i både 1. og 2. etasje er gjort og dei vil ha kome langt med snikkararbeida før påske.

I og med den gamle do avdelinga er riven, må vi inn til den nye HC-doen er på plass, bort på bedehuset for å kome på do ved arrangement i kyrka.

Dugnader i mai

Felle 6. mai.

Treungen 7. mai.

Nissedal 8. mai.

Ny i staben

Frå og med 01.03.24 og eitt år fram er Johnny Vesterdal tilsett i 50 % stilling som kyrkjegardsarbeidar og kyrkjetenar. Saman med Anne Marie vil dei ha kvar si halve stilling i dette arbeidet dette året. Velkommen Johnny!



MELDINGSBLAD

NISSEDAL KOMMUNE



NR 1.

2024

Omstillingsprogrammet



Nissedal kommune er etter søknad til fylkeskommunen, vedtatt som ein omstillingskommune, saman med Kviteseid og Drangedal i Telemark.

Omstillingsprogrammet er eit program som har utvikla seg over tid, ettersom kva kommunenoreg har slite med. Programmet tok til i takt med nedlegging av industri i Noreg, med til dømes kommunar som Odda. Vidare har programmet utvikla seg frå store industrikommunar til kommunar som har mista ei hjørnestensbedrift. Fyresdal kommune er eit døme kor ei hjørnestensbedrift blei lagt ned, fengselsavdelinga som låg nord i bygda. Nissedal har ein noko annleis inngang til programmet, då Nissedal ikkje har mista ei særskilt bedrift, men fleire mindre bedrifter har vore utsett for nedlegging over ein lengre periode, då spesielt trevareindustrien.

Spørsmålet er, kva inneheld omstillingsprogrammet som kan stagnere og snu trenden med tapte arbeidsplassar i kommunen? I skrivande stund er det sett eit styre for programmet, vedtatt i kommunestyret. Gjennom vedtaket er kommunestyret også eigar av programmet. Styret består av fem frå det private næringslivet og to politiske oppnemnte, med ordførar som styreleiar. Vidare er det to viktige oppgåver for inneverande år – å tilsette ein programleiar og å hente inn ei ekstern analyse av kommunen. Analyseresultatet vil blant anna peike på problem kommunen har framfor seg, men også moglegheiter kommunen kan gripe og utvikle. Når dette er på plass er målsettinga at 2025 blir første driftsår – kor ein kan starte med målretta arbeid basert på det nemnte analysearbeidet.

For å realisere moglegheitsbiletet som blir peika på i analysen, er det to faktorar som gjer seg spesielt gjeldande – arbeidsplassar og bulyst. Arbeidsplassar og inntekt er sjølv sagt for å kunne fortsette å bu i Nissedal og eller flytte til Nissedal, men det er ei kjensgjerning at fritid også er ei viktig tid. Difor er det viktig å legge til rette for timane før og etter arbeid, og at dei opplevast som meiningsfylte.

Dersom me jobbar samla og målretta, som kommune, privat næringsliv og lokalsamfunn – er det ingen grunn til at Nissedal ikkje skal lukkast med målsettinga om å framhalde og utvikle seg som ein spanande stad å bu og å arbeide i. I kontekst av at Nissedal lukkast med arbeidet, vil ein også etablere eit norm- og kultursett som ein kan ta med seg vidare også etter at programmet er ferdig – usynleg, men verdifull kunnskap.

Med fylkeskommunen, Innovasjon Norge, eit kompetent apparat i kommunen og aktivt og engasjert næringsliv – ser eg fram til å med på omstillingsprogrammet dei neste 6 åra.

Olav Kiland
Næringssjef
Nissedal kommune



GUDSTENESTELISTE

Mars

			Offer
24.	Kl. 11. Felle	Palmesundag Familiegudsteneste	Sundagsskulen Telemark
24.	Kl. 16. Fjone	Palmesundag Familiegudsteneste	Kveldsmat Sundagsskulen Telemark
28.	Kl. 10. Haugsjåsund	Skjærtorsdag	Mali
28.	KL.18. Nissedal	Skjærtorsdag	Nattverd Kveldsmat på bedehuset Mali
29.	Kl. 11. Treungen	Langfredag	Mali
31.	Kl. 11. Nissedal	1. påskedag Familiegudsteneste	Nattverd Sundagsskulen Telemark

April

7.	Kl. 17. Moland krk.	Felles diakonsamling i Vest-Telemark	
14.	Kl. 18. Nissedal	Gudsteneste og årsmøte	Nattverd Kyrkjekaffi Kyrkjelydsarbeidet
21.	Kl. 11. Treungen	Diakoniens dag	Nattverd Kyrkjekaffi på bedehuset Mali
28.	Kl. 12. Treungen	Samtalegt. med konfirmantane	Kyrkjelydsarbeidet

Mai

1.	Kl. 11. Treungen	Solidaritetsgudst.	Frelesarmeene
12.	Kl. 11. Nissedal	Gudsteneste	Nattverd
17.	Kl. 10. Nissedal	Familiegt.	Kirkens Nødhjelp
17.	Kl. 12. Felle	Familiegt.	Kirkens Nødhjelp
17.	Kl. 14.30.Treungen	Familiegt.	Kirkens Nødhjelp
19.	Kl. 11. Fjone	Pinsedagen	Kyrkjelydsarbeidet
26.	Kl. 11. Treungen	Gudsteneste	Nattverd Kyrkjelydsarbeidet

Juni

2.	Kl. 11. Nissedal	Familiegudsteneste	Nattverd Mali
16.	Kl. 18. Treungen	Gudsteneste	Nattverd Mali
23.	Kl. 11. Nissedal	Gudsteneste	Nattverd Kyrkjekaffi i prestegården Acta
30.	Kl. 11. Fjone	Gudstenestleg møte Nisser Camping	

TREUNGEN FRIKYRKJE

**Vi oppmodar til å fylgje med på
www.treungenfrikyrkje.no då det kan
kome endringar i programmet.**

APRIL:

- | | |
|-----------|------------------------------|
| 03. 11.30 | Andakt og kaffi på NOS-talgi |
| 03. 7.30 | Friklubb og Lollipop |
| 07. 19.00 | Husgrupper |
| 08. 17.30 | Speidaraktivitet |
| 09. 18.00 | Dugnad og fellesskap |
| 11. 19.00 | Kveldskafé |
| 14. 11.00 | Gudsteneste. Nattverd |
| 16. 18.00 | Kvinneforening |
| 17. 17.30 | Open Friklubb |
| 21. 19.00 | Husgrupper |
| 22. 17.30 | Speidaraktivitet |
| 28. 11.00 | Felles samtalegudsteneste |
| 30. 18.00 | Kvinneforening |

MAI:

- | | |
|-----------|------------------------------|
| 4.-5. | Speidartur |
| 05. 12.00 | Speidargudsteneste |
| 07. 18.00 | Vårdugnad og fellesskap |
| 12. 19.00 | Husgrupper |
| 14. 18.00 | Kvinneforening |
| 15. 11.30 | Andakt og kaffi på NOS-talgi |
| 19. 11.00 | Høgtidsgudsteneste. Nattverd |
| 21. 18.00 | Vårdugnad og fellesskap |
| 25. 12.00 | Konfirmasjon |
| 28. 18.00 | Kvinneforening. Avslutning |
| 29. 11.30 | Andakt og kaffi på NOS-talgi |
| 30. 19.00 | Kveldskafé |

JUNI:

- | | |
|-----------|------------------------------|
| 02. 19.00 | Husgrupper |
| 09. 19.00 | Husgrupper |
| 11. 18.00 | Kyrkjelydsmøte |
| 12. 11.30 | Andakt og kaffi på NOS-talgi |
| 14.-16. | Tweensleir Fjelltun |
| 16. 11.00 | Gudsteneste. Nattverd |

- | | |
|-----------|-----------------------|
| 21.-23. | Barneleir på Fjelltun |
| 23. 18.00 | St. Hans feiring. |
| 30. 11.00 | Utegudsteneste. |

**Ynskjer du å starte i ei av husgruppene
våre så ta kontakt med: Lena Haugsjå:
906 85 202.**

**Vil du bli fast givar?
Ta kontakt med kasserar tlf: 480 46 377.**

Treungen frikyrkje sin gåvekonto

2714.10.06628

Vipps-nr. 27037



Teikna av Matian Lauvdal-Sollid.


FJONE BEDEHUS

BASAR

Til inntekt for bedehuset og barnearbeidet.
Laurdag 4.mai, kl 15.

Damenes Kvar: første torsdag i månaden.

Barnearbeidet: Sjå FB-sida.



Teikna av Vidar Felle.



Teikna av Sebastian Kihle-Vik.

KYRKJEBYGDA BEDEHUS

Program Nissedal Yngreslag

Yngreskveldane er på Kyrkjebygda bedehus, **annan kvar torsdag frå kl. 17.30–19.00**. Vel møtt til alle frå 1.-7.klasse.

April:

04: Hobby/spel – bollar og saft

18: Spel/hobby – utlodding


25.: BASAR kl 18.00

Program Nissedal Sundagsskule

Samling på Kyrkjebygda bedehus frå kl. 11–12.

Fylgjande sundagar:

April: 7. og 28.



Teikna av Sondre Borgen Gundersen.



Teikna av Iver August Askland.

TREUNGEN NORMISJON

BEDEHUSET

April:

04. kl.19.00 Dugnad/fellesskap.
18. kl.19.00 Møte, Odd Rannestad.
24. kl.19.00 Møte i Haugsjåsund, Ole Kjell Gundersen Sarepta

Mai:

02. kl.19.00 Dugnad/fellesskap.
08. kl.19.00 Møte i Haugsjåsund, Martha Irene Erikrød
09. kl.11.00 Kr.h.fartsdag, i Bedehuset Møte med Marta Irene Eriksrød
23. kl.19.00 Bøn og samtale.
30. kl.19.00 Møte, Åpne Dører, v/Helge Hollerud.

Juni:

06. kl.19.00 Dugnad/fellesskap.
20. kl.19.00 Møte, Oddvar Svalastog.
23. kl.18.00 St.hans.

Kvar torsdag i tida 04. juli til og med 08. august er det bøn og samtale i bedehuset kl. 19.00. Velkommen i Bedehuset!

HAUGSJÅSUND GRENDEHUS

Torsdag 28. mars, kl. 10.00:

Gudsteneste ved Ragnar Kortner og kantor
Maria Skjævelenad. Kollekt og enkel
servering.

Onsdag 24. april kl.19.00:

Møte med tale av Ole Kjell Gundersen fra
Sarepta. Kollekt og enkel servering.

Onsdag 8. mai, kl. 19.00:

Møte med tale av Martha Irene Eriksrød
frå Normisjon. Kollekt og enkel servering.

Kristi himmelferdsdag**Torsdag 9. mai, kl. 11.00:**

Me sluttar opp om møte på bedehuset med
tale av Martha Irene Eriksrød.

Alle velkomne!


Haugsjåsund og Tjønnefoss misjonslag



Teikna av Erik Andre Bjørntvedt Vesterdal.



Teikna av Ian Mathias Holte-Gabrielsen.



Teikna av Maria Aarak.



Teikna av Ina Sofie Nordgaard-Tveit.

DØDEN MÅ VIKE FOR GUDSRIKETS KREFTER



Dette er kanskje den mest kjente påskesalmen Svein Ellingsen har skrive. Den blir og bruka som dåpssalme, sidan dåpsbegrepet kjem igjen i to av strofene. Opningsstrofa «Døden må vike for Gudsrikets krefter» går igjen i NT, f.eks i Apg 2, 24. Ellingsen strevde med teksten til denne salmen. Året var 1975. Salmebokkomiteen skulle avslutte sitt arbeid, men Ellingsen ville få teksten ferdig. For å få teksten ferdig, inngjekk han ei avtale med seg sjølv. Då dei andre forlet hotellet, låste Ellingsen seg inne på romet for å jobbe. Ca eitt døgn seinare var ei ny salme blitt til.

At dåpsmotivet er ein del av denne salmen, er for å understreke at Jesus sigra over døden påskedagen. Livets siger over døden blir gjentatt i vår dåp ved at vi blir døypte til både Kristi død og oppstode for at vi skal ha evig liv med han. Med det mister døden, her omtalt som mørket, si makt. Og sjølv om vi står overfor alle farer, er vi likevel alltid i Guds sterke hand. Ellingsen skriv og om sigeren over fienden, som mest sansynleg her, refererer til Satan. For øvrig er dette einaste salmen der Ellingsen nemner den vonde. Strofe fem gjentar opningslinja, og linja «livet er gjemt i et jorddekket frø» har referanse til Joh 12, 20ff, der Jesus talar om sin død. Siste setning «se i oppstandelsens tegn skal vi leve, se i oppstandelsens lys skal vi dø» er ei særskilt mektig og vakker avslutning og ei understrekning av påskas bodskap. Den oppstandne Jesus er her ved vår side også i dag, ikkje bare ein vil skal møte ein gong i framtida.

Melodien er av Conrad Baden. Notert i c-moll. I salmeboka fra 2013 står det og ein melodi av Thorvald Aagaard.

Svein Ellingsen er salmediktaren med flest salmer i salmeboka. Hans salmer har ei unik evne til å nå ut til folk. Det er ikkje noko pompøst over stilens hans, den er enkel og Ellingsen har sjølv vist til Arnulf Øverland som litterært forbilde. Håpet og sakamenta er kjente element som går igjen i Ellingen sine salmer. Denne er ikkje noko unntak, her høyrer vi om både dåpen og håpet gjennom fem vers. Salmen står i Norsk Salmebok på nr 209.

Kantor Maria Skjæveland.



Teikna av Sverre Andreas Sunde Haugstøyl.

Felle frikyrkje

Sundag 5.mai, kl.11.00:
Møte med tale av Ketil Karlsen

Vel møtt!

1. *Døden må vike for Gudsrikes krefter!
Du som var død, er vår Herre i dag!*

*Kristus, du lever og står ved vår
her hvor vi rammes av jordlivets slag.*

2. *Selv om vi føler oss svake i verden,
bærer vi i oss et grunnfestet håp
Livets oppstandelse påskedagsmorgen
underet skjedde på ny i vår dåp.*

3. *Livet og døden, ja, alt er forvandlet!
Dåps-vannet gjenspeiler regnbuens pakt.
Troen er gitt oss: Guds rike skal seire!
Mørket som binder oss, mister sin makt.*

4. *Løftet står fast når vår fremtid er truet:
Ingen skal rive oss ut av Guds hånd
Engang skal Gud få sin skapning tilbake.
Verden blir frigjort fra fiendens bånd.*

5. *Døden må vike for Gudsrikes krefter!
Livet er gjemt i et jorddekket frø.
Se, i oppstandelsens tegn skal vi leve.
Se, i oppstandelsens lys skal vi dø.*

T: Svein Ellingsen, 1975

M: Conrad Baden, 1983

NISSEDAL SOKN VEST-TELEMARK

Opningstider

tys/tors 9-13. Ellers
treffetid etter avtale.
Kontoret kan vere
ubemanna pga
oppdrag ute.

Kyrkjekontoret:

Ragnar Kortner,

sokneprest

Tlf.: 35 04 84 49

Mobil: 97 54 56 26

E-post: ragnar.kortner@
nissedal.kommune.no

Bente Meyer, kyrkjeverje

Tlf.: 35 04 84 43

Mobil: 99 54 45 43

E-post: bente.meyer@
nissedal.kommune.no

Maria Skjæveland, kantor

Mobil.: 94 06 02 69

Leiar i soknerådet:

Gerd Irene Sønderland

Nestleiar i soknerådet:

Astrid Eidem Nordal

Kyrkjetenar:

Anne Marie H. Larsson

Prostdiakon Eilev

Erikstein

Tlf.: 35 07 71 88

Mobil.: 91 11 35 80

KIRKEN SOS

Tlf.: 22 40 00 40

Frå kyrkjeboka – Nissedal sokn

Nissedal kyrkje

Dåp:

03.03 Hedvig Grimstvedt. Foreldre: Kjetil Hauken og
Gunhild Marie Grimstvedt.

Gravferd:

17.01 Birgitte Luise Elli Klein f: 1949. d: 06.01.2024

24.01 Odd Norå f: 1928. d: 11.01.2024

14.02 Astrid Bjørg Nes Odden f: 1937. d: 01.02.2024

Treungen kyrkje

Dåp:

04.02 Mari Hogsrud. Foreldre: Even Hogsrud og
Sigrid Grimstvedt

Gravferd:

30.11 Edin Magnar Furuli f: 1945. d: 20.11.2023

01.12 Ivar Homme f: 1961. d: 17.11.2023

15.12 Svein Gunstein Dahl f: 1948. d: 05.12.2023

28.12 Egil Oleiv Tveit f: 1948. d: 16.12.2023

26.01 Leif Sanden f: 1944. d: 14.01.2024

07.02 Hanne Alise Moen Bjørntvedt f: 1969 d: 24.01.2024

16.02 Olav E. Tveit f: 1943. d: 07.02.2024

Felle kapell

Gravferd:

14.12 Arne Skåli f: 1950. d: 04.12.2023

KYKJELYDSBLAD

for Nissedal sokn utgjevar: Soknerådet i Nissedal

REDAKSJON:

Tor Valle, 3855 Treungen, priv. tlf: 92 48 90 42,
Gunnhild Breivik Rieber-Mohn 3854, Nissedal, priv.
tlf: 99 42 33 59

EKSPEDISJON : Kyrkjekontoret

GIRO: 2714.10.15589

Bladet vert sendt ut gratis til alle heimar i Nissedal prestegjeld.
Friviljuge gaver til bladet vert mottekne med takk. Trykt ved
Erik Tanche Nilssen trykkeri, Skien.

EI TALE FOR DEN SOM SER UVEDKOMMENDE



Eg har vore nokre dagar i byen. Og for ein som bur på landet til vanleg, kan det bli nokså overveldande. Det er så mange impulsar i byen, folk overalt, bilar, rundkøyringar, trafikklys, reklame, store vassdammar som kan sprute ned ein fotgengar, kjøpesenter med gode og dårlige tilbod- som varer «kun kort tid», og mykje meir. Eg er ikkje van med å bli bombardert på den måten, med ting eg må ta stilling til. Eg har nok ikkje dei same filtera som ein bybuar etter kvart får.

Me det er ikkje bare i byen merksemda mi er under press. Eg har jo folk rundt meg, radio, tv, aviser, telefon og internett heime også. Eg kan kjenne på kravet om å henge med. Å vere oppdatert på så mange plan. Det kan vere vanskeleg å samle tankane, synest eg. Og det kan vere vanskeleg å disponere tida si.

Kva er viktig og kva er ikkje? Det slo meg, der eg gjekk på brua over motorvegen mellom to kjøpesenter: Kvar er Gud i alt dette? Eg korkje såg eller høyrd han i alt mylderet. Er Han eit utdatert prosjekt? Har Han ikkje klart å henge med og halde seg oppdatert?

Eg gjekk forbi eir skilt som sette ein støkk i meg. «All fedsel for uvedkommende er STRENGT FORBUDT», stod det. Tenk om Gud set opp eit slik skilt, tenk om han etter kvart ser på meg som «uvedkommende»! – fordi eg ikkje har hatt plass for Han?

Eg synest det kan vere vanskeleg å finne rom for Gud i denne tida. Det kan vere fort å gløyme Han. Men eg vil jo ikkje det! Eg vil ha rom for Gud i livet. Ja, eg vil at livet mitt skal vere i Guds rom. Men det er vanskeleg når impulsane er så mange.

Eg har lært at Gud ikkje er avvisande. Eg har lese hjå profeten Jesaja om nokon som var redd dei hadde mista Gud: «*Herren har forlate meg, Herren har gløymt meg.*» *Kan ei kvinne gløyme sitt diande barn, ei omsorgsfull mor det barnet ho bar? Sjølv om dei skulle gløyma, skal ikkje eg gløyma deg.*» (Jesaja 49.14-15).

Så, trass mine «overtramp», vil ikkje Gud stengje meg ute. Eg vil øve meg på å vere litt stille, i alle fall. «*Det er godt å vere stille og venta på hjelpt frå Herren.*» *Klagesongane 3.26.*

GBR-M

Ungane i 3. og 4. klasse ved Tveit skule har laga påsketeikningar. Eit utval av desse er tatt med i bladet.



Til avslutning og til ettertanke! Teikna av Bohdan Posikun.

